



Nils Marton Aadland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/375 - 15/13653

Saksbehandlar:
Kari Anne Iversen
kari.a.iversen@meland.kommune.no

01.07.2015

Revisjon av Beredskapspermen

Dokumenta i oppstillinga nedanfor er reviderte. Dei vert sendt i fysisk utgåve til alle på distribusjonslista, men dei er også tilgjengelege på Felleskatalogen under mappa Beredskap – Beredskapsperm. Det er viktig at alle tar ut gamle dokument av permen sin. Finn de feil , så ta kontakt med underteikna.

NB: Sjekk også kap. 4 for status tiltaksplanar, der er fleire planar som må utarbeidast med grunnlag i den overordna ROS-analysen.

Kap. i beredskapspermen:	Tittel på dokumentet:	Bakgrunn for revisjon:
Kap. 4 - Tiltaksplanar	Oversyn tiltaksplanar	Det er utarbeidd lokal atomberedskapsplan med 2 vedlegg.
Kap. 5 – Kommunal kriseleiiing	Beredskapsavtale med Røde Kors	Avtalen vil gå inn som ein del av det ressursgrunnlaget KKL kan nytte i ein krisesituasjon. Det er knytt ei rekkje vedlegg til avtalen – desse skal iflg, Røde Kors vere klare innan utgangen av 2015.
Kap. 6 – Politiske vedtak	Politiske vedtak	To nye vedtak: Formannskapet har godkjent beredskapsavtalen med Røde Kors og kommunestyret har løyvd midlar til innkjøp av straumaggregat på Meland sjukeheim.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kap. i beredkapspermen:	Tittel på dokumentet:	Bakgrunn for revisjon:
Kap. 7 – Distribusjon av beredkapspermen	Distribusjon av Beredkapspermen	Nesten alle permene er lokaliserte på rådhuset. Dersom det av ulike grunner ikkje skulle vere tilgang til rådhuset i ein krisesituasjon og heller ikkje datatilgang til felleskatalogen, bør vi ha ein perm lokalisert i eit anna kommunalt bygg. Meland sjukeheim er då eit naturleg val, ettersom KKL har reservelokalisering her (møterom/tidl. peisestove). Tenesteområdeleiar på sjukeheimen vil bli ansvarleg for å oppdatere permen ved revisjonar.
Kap. 8 System for ajourhald og revisjon	System for ajourhald og revisjon.	Dokumentet er litt omarbeidd og revisjonane per 30.06.15 er påførte.

Med helsing

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Nils Marton Aadland

Ingvild Hjelmtveit

Reidun Elin Johannessen

Helge Kvam

Anny Bastesen

Tord Moltumyr

Grethe Wold